

Vedlegg 1

REFERAT - UTKAST

Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 06.04.2018 | Klokkeslett: 08:00-11:00 | Dato: Velg dato.

Stad: Vegvalsen, Statens vegvesen

Sakshandsamar: Torill Klinker

Dato: 06.04.2018

Dok: Fyll inn.

| | Namn | Part |
|-------------------------------------|---------------------------------|--------------------------|
| <i>Møtedeltakarar</i> | Terje Moe Gustavsen (møteleiar) | Statens vegvesen |
| | Anna Elisa Tryti | Bergen kommune |
| | Anne Gine Hestetun | Hordaland fylkeskommune |
| | Anita Skauge | Jernbanedirektoratet |
| | Lars Sponheim | Fylkesmannen i Hordaland |
| <i>Øvrige deltakarar til stades</i> | Anne Iren Fagerbakke | Bergen kommune |
| | Øivind Støle | Bergen kommune |
| | Mette Svanes | Bergen kommune |
| | Rune Herdlevær | Bergen kommune |
| | Lise Reinertsen | Bergen kommune |
| | Pål Kårbø | Hordaland fylkeskommune |
| | Rune Haugsdal | Hordaland fylkeskommune |
| | Håkon Rasmussen | Hordaland fylkeskommune |
| | Ole Hallvard Harlem Dyrbekk | Hordaland fylkeskommune |
| | Roger Skoglie | Hordaland fylkeskommune |
| | Helge Eidsnes | Statens vegvesen |
| | Hans Silborn | Statens vegvesen |
| | Kristoffer Sandvik Monsen | Statens vegvesen |
| | Frode Aarland (sak 33/18) | Statens vegvesen |
| | Kristian Bauge (sak 34/18) | Statens vegvesen |
| | Kjell Kvingedal | Fylkesmannen i Hordaland |
| | Trond Høyde | Jernbanedirektoratet |
| | Lars Christian Stendal | Jernbanedirektoratet |
| | Astrid Håvik | Jernbanedirektoratet |
| | Hans Egil Larsen (sak 30/18) | Bane NOR |
| Torill Klinker | Sekretariat | |

Sakliste

- Sak 28/18 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 29/18 Godkjenning av referat frå møte 04/18
- Sak 30/18 Koengen som mogleg erstatningsareal for Mindemyren
- Sak 31/18 Avkorting av Bybanen byggetrinn 4
- Sak 32/18 Revidert finansieringsplan Bybanen BT 4
- Sak 33/18 Handlingsprogram Miljøløftet 2019-2022
- Sak 34/18 Forseinka prosess kring innføring av miljødifferensierte bomtakstar
- Sak 35/18 Eventuelt

Sak 28/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 29/18 Godkjenning av referat frå møte 04/18

Vedtak: Referat frå styringsgruppemøte 04/18 den 12.03.18 vart godkjent.

Sak 30/18 Koengen som mogleg erstatningsareal for Mindemyren

Trond Høyde orienterte kort om bakgrunn for prosjektet, derunder rekkefølgekrav på Mindemyren, kapasitetsutfordringar på Nygårdstangen og føresetnader i Statsbudsjettet 2018. Deretter orienterte prosjektleiar Hans Egil Larsen frå Bane NOR om Koengen, og kva moglegheiter og utfordringar som er knytt til prosjektet.

Frå styringsgruppa vart det presisert at framdrift, med frigjeving av Mindemyren mai 2019, er avgjerande. Det vart også presisert at både Bergen Live og kulturminneomsyn må ivareta i den aktuelle perioden (2019-2024).

Vedtak: Styringsgruppa vurderer frigjeving av Mindemyren som ein føresetnad for gjennomføring av bybane mot Fyllingsdalen. Styringsgruppa ynskjer at det, i samband med mogleg erstatningsareal på Koengen, raskt vert gjort naudsynte avklåringar opp mot kulturminneomsyn og Bergen Live. Styringsgruppa ynskjer ei ny orientering om prosjektet i neste møte, den 27. april.

Sak 31/18 Avkorting av Bybanen byggetrinn 4

Håkon Rasmussen orienterte om kva følgjer ei eventuelle avkorting vil ha for passasjergrunnlag og byutvikling både på Spelhaugen og Oasen. Det er gjennom vedlegg 4 avdekket at ei avkorting ikkje vil ha vesentlege konsekvensar for passasjergrunnlag og byutvikling på kort og mellomlang sikt. Viktigheita av god byutvikling kring Oasen vart presisert, her må vending av bybanen, varelevering, torgkvalitetar, kulturtilbod og tilbod for gåande og syklende henga saman på ein god måte.

Rune Haugsdal orienterte om tidlegare kuttprosess, nye kostnadsdrivande element og behovet for kostnads- og risikostyring. Viktigheita av framdrift i prosjektet vart presisert.

Styringsgruppa slutta seg til behovet for kostnadsstyring, men peika på at det er Hordaland fylkeskommune som er byggherre, og som difor må ta ansvar for den vidare framdrifta.

Vedtak: Kostnadsoverslaga viser at kostnadane ved byggetrinn 4 må reduserast. Sjølv med ei avkorting av strekninga er det behov for å redusere risiko og legge til rette for ein forsvarleg risikoprofil.

Styringsgruppa ser det difor som sannsynleg at BT 4 må avsluttast ved Oasen.

Dei avtaler som vert gjort framover må ta høgde for at byggetrinn 4 vert avslutta ved Oasen, men samtidig må dei ikkje utelukka at byggetrinnet likevel kan vidareførast til Spelhaugen. Dersom byggetrinnet vert avslutta ved Oasen, skal arbeidet utførast slik at det er mogleg å slutføre strekninga til Spelhaugen på eit seinare tidspunkt.

Byråd for byutvikling reserverte seg i høve til bystyremøtet den 25. april. Saka vert tatt opp igjen i neste styringsgruppemøte, den 27. april.

Sak 32/18 Revidert finansieringsplan Bybanen BT 4

Kostnadssituasjonen omtala under sak 31/18 gjer at endeleg handsaming av finansieringsplanen vert utsett til neste møte, 27. april.

Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering

Sak 33/18 Handlingsprogram Miljøløftet 2019-2022

Torill Klinker orienterte om prosessen kring utarbeiding av revidert handlingsprogram. Det er lite økonomisk handlingsrom i perioden, og det er utfordrande å oppretthalda rasjonell framdrift for bybanens byggetrinn 4 med den finansieringa som no ligg til grunn. Prop. 11 S (2017-2018) opnar for kortsiktige låneopptak for å sikra rasjonell gjennomføring av bybanen BT4, dersom det ikkje er mogleg å dekke føresett bompengbidrag med løpande bompengeinntekter dei første åra.

Styringsgruppa presiserte at ein skal vera forsiktig med å auka gjeldsbyrden, men at det i dette tilfellet kan vera hensiktsmessig med eit kortsiktig lån for å sikra bybanens framdrift. Det vart vidare



presisert at all tilgjengeleg finansiering, inkludert fylkeskommunale midlar, skal nyttast innanfor Miljøløftet sin portefølje, før ein eventuelt nyttar frie bompengar.

Dei ulike partane peika avslutningsvis på at det er behov for noko meir tid til å gjera dei naudsynte avklåringar i høve til prioriteringar i handlingsprogrammet.

Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering, og bad om at handlingsprogrammet vert lagt fram på nytt til møtet den 6. juni.

Sak 34/18 Forseinka prosess kring innføring av miljødifferensierte bomtakstar

Kristian Bauge orienterte om prosessen kring innføring av miljødifferensierte takstar. Prosessen er forseinka grunna formalitetar, og miljødifferensiering kan tidlegast innførast 1. juni. Det vart presisert at sjølv om ein har eit kortsiktig inntektstap på kring 20 mill. pr. mnd, vil den samla inntekta ikkje verta svekka, ettersom bompakken sin varigheit gjeld i 20 frå og med innføring av miljødifferensiering. (Presentasjonen ligg ved referatet, som avtalt.)

Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering, og bad om ytterlegare orientering både om miljødifferensiering og dei nye bomsnitta i neste styringsgruppemøte, den 27. april.

Sak 35/18 Eventuelt

Styringsgruppa etterlyste eit møte i referansegruppa, og bad om at dette vert sak på neste møte, den 27. april.